

Sjå adresseliste
- private
- offentlege
[Country]

Dykkar ref.:
[Your ref.]

Vår ref.:
52408670/Melding om oppstart av
planarbeid.docx


Dato:
2024-11-27

• Melding om oppstart av planarbeid-Kinn kommune. Reguleringsplan for kryss til Nejsane

Bakgrunn og føremål med planarbeidet

Du får dette brevet grunna at du er, grunneigar, nabo, myndigheit eller organisasjon som skal få varsel om planoppstart.

Norconsult AS er engasjert av Kinn kommune for å leie oppstart av reguleringsplanarbeid for utbetring av eksisterande kryss til Nesjane, ved Eikefjord i Kinn kommune. Føremålet med planarbeidet er å utbetre eksisterande kryss med etablering av venstresvingfelt, inkludert tilpassing til eksisterande vegsystem.



Figur 1 Planavgrensing ved planoppstart

Planavgrensinga ved oppstart av planarbeidet er om lag 24 daa og omfattar eigedomane g/bnr. 52/23, 52/42, 52/48, 52/2, 52/6, 52/9, 52/1, 52/29, 52/65, 52/54, 52/66 og 52/17

Planavgrensinga (Figur 1) er omfattande ved oppstart, men kan verte redusert i planframlegget som no skal utarbeidast. Dette er fordi naudsynt vegareal først vert avklara når løysingar for krysset med tilgrensande vegareal er endeleg prosjektert og fastlagt, som del av planarbeidet. Planavgrensinga søker også mogeleg areal for mellombels anleggsområde. Figur 1 Den romslege planavgrensinga i sør, mot Nesjane, er gjort med omsyn til å få ei god tilpassing mot eksisterande reguleringsplan for Nesjane .

Tilhøvet til overordna og gjeldande planar



Figur 2 viser gjeldande kommunedelplan



Figur 3 viser gjeldande reguleringsplanar i området

I gjeldande kommunedelplan er store deler av det aktuelle arealet sett av til vegføremål. Tilgrensande areal har føremåla LNFR og bustad. Kommunedelplanen viser faresone for høgspent nord for krysset og heile planområdet ligg innanfor faresone Ras- og skredfare.

Gjeldande reguleringsplanar innanfor og kring tiltaksområdet er:

«Kvalvika, Del av gbnr 52/1 bustader» vedteken i 2003.

«Eikefjord-Nesjane, Del av 52/1 (i dag 52/42) vegserviceanlegg». Vedteken i 1989

«Kvalvik-Grov Rv 5», Vedteken i 2002.

Planprosess

Jamfør Pbl. § 12-8 er det lagt til grunn at dette er eit planarbeid i regi av Kinn kommune, det er difor ikkje utarbeida planinitiativ eller gjennomført formelt oppstartsmøte etter Pbl.

Det er halde eit oppstartsmøte for planoppdraget med kommunen og Statens vegvesen den 14.11.2024.

Planen fører etter kommunen si vurdering ikkje til krav om konsekvensutgreiing etter kap. 4 i plan- og bygningslova eller utarbeiding av planprogram.

Kommunen har vurdert kven som skal varslast om planarbeidet. Alle kjende grunneigarar/naboar som grensar til eller ligg innanfor planområdet får tilsendt dette varselet. I tillegg vert oppstart av planarbeid annonsert i Firdaposten og lagt ut på nettsida til Kinn kommune <https://kinn.kommune.no/sok-etter-sak/hoyring-og-kunngjeringar/>.

For nærare informasjon om planarbeidet kan spørsmål rettast til:

Iren Meisterplass

mob. 99 21 83 72

e-post: iren.helene.meisterplasss@norconsult.com

Dersom du har opplysningar, synspunkt, merknader, planar eller informasjon om tinglyste rettar som kan vere av interesse for planarbeidet, ber vi om at du tilskriv:

Norconsult AS
v/Iren Meisterplass

iren.helene.meisterplass@norconsult.com

Campus Fosshaugane

Trolladalen 30

6856 Sogndal

Vi ber om at ev. innspel til varsel om planoppstart vert sendt skriftleg *innan* 13.01.2025.

Med Vennleg helsing
Norconsult Norge AS

Iren Helene Meisterplass